



Fjord
kommune

Førebyggjande oppvekstplan 2024 – 2032



Gode vekstvilkår

Livskraftig, skapande, nær, raus og berekraftig

Vedtatt i kommunestyret 20.06.24

Innhold

Innhold	2
1. Formål med planen	3
2. Lovgrunnlag	4
§ 15-1 Kommunens ansvar for å førebygge omsorgssvikt.....	4
Andre relevante lovverk.....	4
3. utfordringsbilde	5
4. Målsettingar med Fjord kommune sin oppvekstplan	6
5. Samordning og koordinering av tidleg innsats og førebygging	6
BTI- betre tverrfagleg innsats	7
Førebyggande plan	8
Foreldrestøtte - ICDP	8
Innsats mot utanforskap og fattigdom i barnefamiljar.....	8
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	9
6. Tenester i «Laget rundt barnet»	9
Psykisk helse- og rusteneste	9
Helsestasjon- og skulehelseteneste	9
Barnehage og skule.....	10
Kulturskulen	10
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)	10
NAV	11
Habiliteringstenesta	11
Barnekoordinator.....	11
Barnevernstenesta	11
7. Oppsummering	12
8. Evaluering og rullering	13
Kjelde	14
Vedlegg	15
Tiltaksplan	15
Tverrfagleg samarbeid på system- og individnivå i Fjord kommune	18
Hjelpetiltak til barn og unge.....	22
Førebyggande tiltak	32

1. Formål med planen

Hovudformålet med førebyggjande oppvekstplan er å sikre oppfølging av nasjonale føringar, mål og strategiar i Kommuneplanen sin samfunnsdel, og andre politiske vedtak. Planen skal gje eit felles utgangspunkt og vise retning for tenesteområda som kan bidra til å fremje gode oppvekstvilkår. Mål og strategiar må forankrast på kvart leiarnivå i tenestene og er grunnlag for samarbeid, samordning og tenesteutøving. Mål, strategiar og tiltak omfattar universelle arenaer og tenester som barnehagar, skular, førebyggjande helsetenester, psykisk helseteneste og fritidssektor.



Oppvekstplanen skal dekke plankrav i barnevernslova som trådte i kraft 1.1.2022: Kommunen skal fremje gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å førebygge at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tenestetilbod til barn og familiar.

Kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt førebyggjande arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive kva som er måla for arbeidet, korleis arbeidet skal organiserast og fordelast mellom tenestene i kommunen, og korleis tenestene skal samarbeide.

Fjord sin oppvekstplan famnar vidare enn dette formålet, då den omfattar førebyggjande arbeid også når det ikkje handlar om omsorgssvikt eller åtferdsvanskar.

Planen vil bidra til ei overordna forankring av det førebyggjande tilbodet og fordelinga av kommunen sine ressursar til dette arbeidet. Det vil dessutan vere eit viktig verktøy for å sikre forpliktande og systematisk innsats for tilrettelegginga av heilskaplege tenester. Forankring av oppvekstplanen hjå leiing og på politisk nivå er avgjerande for å lukkast med den endringa.

2. Lovgrunnlag

I Lov om Barnevernstenester § 15-1 ligg kravet til ein forebyggande oppvekstplan som femnar om dei ulike kommunale instansane opp mot born/unge/familiar og inneheld kvar ansvaret for dei ulike tiltaka ligg. Forventningane er nedfelt i revidert barnevernslov, men vert utøvd hovudsakeleg av andre tenester. Barnevernsreforma vert også kalla ei «oppvekstreform» fordi ein berre kan nå måla ved ei endring i heile oppvekstsektoren.

§ 15-1 Kommunens ansvar for å førebygge omsorgssvikt

“Kommunen skal fremme gode oppvekstsvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.

Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide.”

Andre relevante lovverk

- **Helse- og omsorgstenestelova** som seier i § 1-1, punkt 2 at lova sitt formål er særleg å fremje sosial tryggleik, betre levevilkåra for vanskelegstilte, bidra til likeverd og likestilling og førebygge sosiale problem
- **Barnehagelova** som seier i § 2 at «Barnehagen skal ha ein helsefremjande og ein førebyggande funksjon og bidra til å utjamne sosiale forskjellar»
- **Opplæringslova** som seier i § 1-1 at “Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet”
- **Lov om sosiale tenester i NAV.** Formålet med loven er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, her under at den enkelte får høve til å leve og bo sjølvstendig, og fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Loven skal bidra til at utsette barn og unge og deira familiar får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Loven skal bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problem.
- **Lov om endringar i velferdstenestelovgivinga (samarbeid, samordning og barnekoordinator)**
 - Lov om sosiale tenester §13
 - Lov om arbeids- og velferdsforvaltninga §15a
- **§13.Samarbeid med andre offentlege organ og tenesteytarar og samordning**

Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga skal medverke til at sosiale omsyn blir ivaretatt av andre offentlege organ som har betydning for at formålet med loven blir oppnådd.

Blir det påvist mangel ved tenester som andre delar av forvaltninga skal yte til personar med eit særleg hjelpebehov, skal kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga om nødvendig ta opp saka med rette vedkomande. Er det uklart om kvar ansvaret ligg, skal kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga søkje å klargjere forholdet.

3. Utfordringsbilde

Dei fleste barn og unge i Fjord opplever eit trygt og godt oppvekstmiljø. Dei har familie som er støttande og dei møter dedikerte vaksne med kompetanse i dei ulike kommunale tenestene. Fritidstilbodet er også rikt og variert, til trass for innbyggjartalet som er lågt samanlikna med nabokommunane. Nokon nyttar seg også av fritidsaktivitetar utanfor kommunegrensene.

Men slik er det ikkje for alle, og for å legge til rette for gode oppvekstvilkår for alle treng vi forståing for og innsikt i barn og unge sin livssituasjon.

Vi veit likevel noko om kva barn og unge synest er utfordrande og vanskeleg.

Folkehelseoversikta for Fjord kommune (2019-2023) peikar på tre hovudsatsingsområde

- Folketalsutvikling
- Sosiale helseforskjellar og livsstilsutfordringar
- Einsemd og utanforskap

Innanfor desse hovudområda finn vi ulike påverknadsfaktorar som vart vurdert viktige i prosessmøtet om oversikta (2019):

- Sosiale helseforskjellar og livsstilsutfordringar;
Bruk av sosiale media, rus, sosial ulikskap, familiefattigdom, trygge gang- og sykkelveggar for kvardagsaktivitet, overvekt og fedme blant ungdom.
- Einsemd og utanforskap;
Formelle og uformelle møteplassar for sosialt fellesskap, isolasjon og einsemd, relasjonskompetanse/språkkompetanse frå barnehagealder, mobbing, tilgang til kollektivtransport og psykisk helse.

Ungdata-undersøkinga (2020) viser at ungdom i Fjord generelt er fornøgd med livet sitt og lokalsamfunnet som dei opplever som trygt. Fleirtalet er også tilfreds med foreldra sine, og dei har vener dei kan stole på. Dei har framtidstru. Skulen er ein god plass å vere for dei fleste, men ikkje alle opplever det slik. Eit punkt som dei er mindre nøgd med er kulturtilbodet og kollektivtilbodet. Stadig meir av tida blir brukt til skjermbaserte aktivitetar, og barn og unge i Fjord skil seg ikkje vesentleg ut frå landsnittet. Under ti prosent har smakt alkohol i ungdomsskulealder. Når det gjeld dette ser vi eit skilje i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande.

Oppvekstprofilen (2023) viser at kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået på to punkt:

- Barn med barnevernstiltak, 0-17 år. Fjord 6,7 %, Norge 3,9 %.
- Bemanning i barnehage (pedagogisk kompetanse). Fjord 76 %, Norge 92 %.
Punktet om mobbing på skulen, 7. klasse: Fjord 12 %, Norge: 7 %. Men kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået.

Tilbakemelding frå tilsette som jobbar med barn og unge

- Tenestene som arbeider med barn og unge i Fjord ser trendar her som elles i samfunnet. Innan psykisk helse kjem det fram tema som bekymringar, skulevegring,

kjønnsidentitet. Tilsette opplever at nokre barn lever i familiar med vedvarande lav inntekt, det bur i dag rundt 50 barn i kommunen i familiefattigdom.

- Fleire opplever utanforskap dersom dei ikkje har same interesser som dei andre i klassen, eller om dei ikkje er med på fotballaget eller andre «populære» fritidsaktivitetar. Det finst felles møteplassar, men det er varierende bruk og oppmøte. Skjermbruk og mindre fysisk aktivitet er andre utfordringar. Barn og unge er mindre engasjerte enn før, og viser mindre initiativ. Det er generelt mindre respekt for autoritetar og meir utagering. Det er ei auke i barn og unge som blir utgreia for ulike diagnoser.
- Mange opplever at føresette ikkje engasjerer seg på same måte som tidlegare, at dugnadsanda og viljen til innsats for fellesskapet i lokalsamfunnet går nedover. Fleire føresette er usikre i foreldrerolla og har utfordringar med grensesetting.

Elevråda og ungdomsrådet peikar på desse utfordringane:

- Kollektivtransport, møteplassar på tvers av bygdene, gang- og sykkelveg, park med aktivitetar, uteområde, badeplass med stupetårn.
- For få ungdommar kjem tilbake til kommunen etter dei er ferdig med utdanninga.

Tiltaka for ein del av desse punkta går vi ikkje nærare inn på i oppvekstplanen, då dei er ein del av kulturplanen for Fjord kommune.

4. Målsettingar med Fjord kommune sin oppvekstplan

I tråd med utfordringsbildet og samfunnsdelen av kommuneplanen er målsettingane at;

- Barn og unge har kompetanse og ferdigheiter til å møte morgondagens samfunn
- Foreldre/føresette som kan gje barn og unge ein trygg og god oppvekst
- Gode og inkluderande oppvekstmiljø som fremjar tryggleik, læring, trivsel, helse og reduserer sosial ulikskap.

5. Samordning og koordinering av tidleg innsats og førebygging

Med oppvekstreforma har kommunen no eit tydelegare ansvar for koordinerte tenester og tidleg innsats i det førebyggjande helsearbeidet for barn og unge. Statlege føringar og forsterka lovkrav, samt ulike nasjonale, regionale og lokale samhandlings- og kompetanseutviklingsprosjekt gir behov for ein samhandlingsmodell på kommune-, teneste- og individnivå:

Barnevernsreforma/oppvekstreforma

Gjennom barnevernsreforma stillast auka krav til kommunane om tidleg innsats og gode førebyggjande tenester i heile oppvekstsektoren

Samarbeid om tenester til born, unge og deira familiar, nasjonal rettleiar

For å styrkje oppfølginga av utsette born, unge og deira familiar, er det med verknad frå 1. august 2022 vedtatt bestemmingar om samarbeid, samordning, barnekoordinator og individuell plan. Samordningsbestemmingane kjem fram i 14 lovverk på heile velferdsområdet.

Tidleg oppdaging av utsette born og unge. Nasjonal fagleg retningsline

Målet med retningslina er å styrkje oppdagar- og handlingskompetansen hos leiarar og tilsette i kommunen. Den rettar seg mot alle barn og unge, med mål om å nå dei utsette slik at dei får tilpassa hjelp og oppfølging

Kompetanseløftet «Spesialpedagogikk og inkluderande praksis»

Eit varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet, som skal bidra til at alle kommunar og fylkeskommunar har nok kompetanse tett på barna og elevane for å kunne førebygge, fange opp og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle. Dette skal inkludere barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging

Barn og unge si helseteneste Møre og Romsdal

Satsinga barn og unge si helseteneste består av sju samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske plagar hjå barn og unge. Hensikta er å gi brukarar og fagpersonar betre oversikt over ansvarsområde og roller.

Nasjonalt forløp for barnevern

Nasjonalt forløp for barnevern skal sikre at barn i barnevernet får helsehjelp dersom barnet har helseproblem, psykiske vanskar, tannhelseproblem eller rusproblem.

Psykisk helsearbeid barn og unge. Nasjonal rettleiar

Beskriv eit heilskapleg og samordna psykisk helsearbeid for barn og unge, frå helsefremjande og førebyggjande arbeid til oppfølging, behandling og samhandling om barn og unge som står i fare for, eller har utvikla psykiske plager av ulik alvorsgrad. Gir anbefalingar til helse- og omsorgstenestene om roller, ansvar og samhandling i psykisk helsearbeid

SkuleLOS

Kommunalt tilsett spesialpedagog som arbeidar på system- og individnivå for å hjelpe ungdom som har stort skulefråvær og står i fare for å falle ut av ordinær skulegang

BTI- betre tverrfagleg innsats

Fjord kommune skal bruke BTI modellen for å utarbeide og formalisere ein heilskapleg, modell på tvers av ulike sektorar. Modellen har tre nivå, kommune-, teneste- og individnivå, og er utvikla for å styrke tidleg innsats og tverrfagleg oppfølging av barn og unge. På denne måten oppfyller kommunen samarbeids- og samordningsplikt på alle nivå.

Det er oppretta ei prosjektgruppe og ein prosjektplan for utvikling av BTI. Prosjektet er i 3 fasar: kartlegging, utvikling og implementering. Prosjektet er planlagt over 2 år, etter det kan kommunen søke ytterlegare tilskot for vidare utvikling av modellen.

Førebyggande plan

Den førebyggande planen som no ligg føre vil bli styrka med BTI-modellen. Vedlegg til planen viser kommunen sine førebyggande tiltak og hjelpetiltak og korleis tiltaka er organisert og fordelt mellom tenestene i kommunen. BTI-modellen vil særleg betre tverrfagleg samhandling mellom ulike tenester, og den skal sikre leiarforankring og støtte. BTI skal vidare hjelpe oss i å utvikle ein handlingsretteleiar som sikrar tidleg oppdaging og innsats, og hindrar brot i oppfølginga av konkrete saker.

Foreldrestøtte - ICDP

Hensikta med barnevernsreforma er å styrke det kommunale førebyggande arbeidet. I kartlegginga av kommunale tenestetiltak (og på bakgrunn av opplevde utfordringar i befolkninga) har ein sett at kommunen har behov for styrking i det foreldrestøttande tilbodet. Kommunen har motteke tilskot til foreldrestøttande tiltak og skal tilby International Child Development Programme (ICDP). Dette er eit anerkjent program for foreldreretteleing som nyttast i mange kommunar. ICDP brukast allereie som ein del av introduksjonsprogrammet for flyktningar i kommunen. Det er arbeidd ut ein plan for implementering av ICDP i kommunale tenester, inkludert sertifisering av nye ICDP veiledarar.

Innsats mot utanforskap og fattigdom i barnefamiljar

Årsaker til utanforskap er ofte samansette. Eit fragmentert hjelpeapparat kan forsterke utanforskap og dette viser eit behov for ein heilskapleg innsats på oppvekstfeltet. Arbeidet mot utanforskap kan sjåast på som ei overordna målsetting som inkluderer alle tenester og innsatsar skildra i oppvekstplanen.

Kommunen førebygg utanforskap mellom anna gjennom:

- Gode basistenester i barnehage, skule og helseteneste
- Tidleg og samordna innsats
- Innsats mot familiefattigdom
- Inkluderande møteplassar for alle
- Hindre fråfall frå vidaregåande skule
- Eit aktivt bustadsosialt arbeid

Ein heilskapleg kommunal innsats mot fattigdom dreiar seg mellom anna om å bidra til å styrke og sikre familien sitt inntektsgrunnlag. Gode utdannings- og arbeidsmoglegheiter er sentralt. NAV er ein av fleire viktige kommunale aktørar for å motvirke fattigdom gjennom arbeidsstimulering og økonomisk tryggleiksnett. Kommunen har fleire tiltak for å dempe negative verknadar av fattigdom her- og -no, og desse styrker deltaking og førebygg utanforskap (sjå vedlagt førebyggande tiltaksliste). Kommunen sitt samla førebyggande arbeid skal motvirke fattigdom og utanforskap vidare i livet når barna blir vaksne. Det handlar mellom anna om å tilby gode kommunale tenester gjennom heile oppvekstløpet. Kommunen nyttar også private aktørar som t.d. Inn på tunet i det førebyggande arbeidet. Arbeid mot utanforskap og fattigdom kan ikkje sjåast isolert frå andre førebyggande tiltak, men må inkluderast i alt planarbeid og tiltaksaktivitetar knytt til born, unge og deira

foreldre. For å få ei heilskapleg satsing mot utanforskap og familiefattigdom vil kommunen utarbeide ein handlingsplan mot familiefattigdom. Det bustadsosiale arbeidet er ein viktig del av innsatsen mot utanforskap og beskrive i [bustadsosial handlingsplan](#).

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Fjord kommune har ein eigen handlingsplan mot vald i nære relasjonar. [Handlingsplan mot vald i nære relasjonar - Sunnmøre 2021-2025 \(krisesenter-sunnmore.no\)](#) Denne er utarbeidd i samarbeid med 12 andre kommunar og krisesenter for Sunnmøre.

Handlingsplanen seier kommunen sitt ansvar famnar vidt og er eit samansett arbeidsfelt. Kommunen har eit særleg ansvar for å førebygge, avdekke og avverje vald og overgrep. I det førebyggjande helsearbeidet blir tema vald og overgrep tatt opp gjennom svangerskap, småbarnstid og ungdomstid etter nasjonale retningslinjer, men forskning viser at tenestene ikkje klarer å avdekke vald og overgrep i tilstrekkeleg grad. Det er behov for auka kompetanse og tiltak innan temaet.

6. Tenester i «Laget rundt barnet»

Psykisk helse- og rusteneste

Ny nasjonal rettleiar for psykisk helsearbeid born og unge, slår fast at kommunen skal sørge for tilgjengeleg og tverrfagleg psykisk helseteneste som gir tidleg hjelp og behandling. Kommunen har fått tilskot til å utvikle og etablere eit lågterskeltilbod for psykisk helse- og rustenester til barn og unge. Tilbodet vil ikkje organiserast som ei eiga teneste, men vere ein del av den psykiske helsetenesta i kommunen for heile befolkninga. Tenesta vil ha eit familieperspektiv, og inngå i kommunens BTI- satsing. Skulehelsetenesta og helsestasjonen vil vera viktige samarbeidspartnarar.

Helsestasjon- og skulehelseteneste

Tenestene si hovudoppgåve er å førebygge sjukdom og fremje helse. Jordmortenesta, helsestasjons- og skulehelsetenesta, samt helsestasjon for ungdom er lågterskeltilbod i det førebyggjande helsearbeidet. Det er retta mot gravide og eventuell partner, småbarn 0-5 år, barn og unge 5-20 år og foreldre/føresette.

Tenesta bidreg inn i barnehagar og skular og samarbeider også med barnevern, psykisk helseteneste, fastlegar, fysioterapeut m.m. (Sjå førebyggjande tiltak og hjelpetilbod i vedlegg).

Tenesta har klare nasjonale føringar og mål. Den skal fremje psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, førebygge sjukdom og skadar, utjamne helseforskjellar og førebygge, avdekke og avverje vald, overgrep og omsorgssvikt. Ved å oppdage, kartlegge og arbeide tverrfagleg er tenestene sentrale i førebyggjande helsearbeid, saman med barnehage og skule fordi dei møter alle born i kommunen.

Barnehage og skule

Berande prinsipp for barnhage og skule er tidleg innsats, inkluderande praksis og eit godt tilpassa pedagogisk tilbod. Barnehage og skule er ein viktig arena for at barn og unge skal utvikle seg og lære, få eit godt liv og bli godt rusta til å møte framtida.

I 2017 kom det ny rammeplan for barnehage som tydeleggjer barnhagane sitt ansvar og rolle, og om rettane til føresette. Mandatet til barnehagane er, i samarbeid og forståing med heimen, å ta vare på behovet for omsorg til barna. Det blir lagt til rette for at barna har fridom til leik, opplevingar og å påverke sin eigen barndom. Læringsmiljøet i barnhagen skal vere utviklande for sosial og språkleg kompetanse.

Arbeidet i skulen er mellom anna styrt av Opplæringslova med føreskrift, læreplanverk LK 20 og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Grunnleggjande verdier og prinsipp for opplæringa er å utvikle kunnskap, ferdigheiter og haldningar som bidrar til utvikling av identitet og livsmeistring som rustar elevane for aktiv deltaking i vidare utdanning, arbeid og samfunnslev. Ein god skule har opplæring av høg kvalitet der meistring, læreglede og trivsel står sentralt.

Alle skulane i Fjord kommune har tilbod om SFO for born i 1.- 4. klasse, og for born med særskilte behov opp til 7. klasse. SFO er ein viktig sosial arena som bidreg til inkludering, utvikling av vennskap, leik og moglegheit til å prøve seg på ulike aktivitetar.

Kulturskulen

Opplæringsloven og rammeplan for kulturskulen legg føringar for innhaldet. Kulturskulen skal vere ein tilgjengeleg arena i barn og unges liv, for kunst- og kulturopplevingar, for personleg, sosial og kunstnarisk vekst og utvikling. Kulturskolen skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

Formålet til kulturskolen er å gi eit undervisningstilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge, uavhengig av kvar dei bur og økonomi. Tilbodet skal bidra til danninga barn og unge får, til å fremje respekt for den kulturelle tilhørselen andre har, til bevisstgjerung av eigen identitet og til å utvikle evna til kritisk refleksjon. Kulturskolen bør vere ein samarbeidande aktør med barnehagen, grunnopplæringa og SFO. Kunst og kulturuttrykk berøre grunnvilkår ved vårt tilvære som glede, lengsel, draumar, melankoli og einsemd, og er fundamentale i danningprosessen.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PP-teneste skal hjelpe barnehagar og skular med kompetanse- og organisasjonsutvikling, og gjere sakkunnige vurderingar av barn og elevar sine særlege behov.

PP-teneste kan vere organisert som ei kommunal teneste, eller som eit samarbeid med andre kommunar og/eller fylkeskommunen. Fjord kommune har samarbeidsavtale med Stranda kommune. PP-tenesta kan samarbeide tverrfagleg på lokalt nivå, for eksempel med helseteneste eller barnevernteneste, og på statleg nivå med Statped eller spesialisthelseteneste.

NAV

NAV har plikt til å medverke i kommunen si førebyggjande verksemd, slik at barn, unge og familiar får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. NAV er med dette ein relevant aktør med delansvar inn i oppvekstreforma. Tenesta har eit særleg ansvar for personar som fell utanfor eller får utilstrekkeleg hjelp frå andre statlege eller kommunale velferdsordningar. Det rettast særskilt merksemd mot forhold som er viktige for sosialt vanskelegstilte, personar utanfor arbeidslivet og for oppvekstvilkåra til barn og unge. NAV forvaltar ei rekke tenester av verdi for barnefamiljar, og hjelper mange som har forsørgjar- og omsorgsansvar for barn.

NAV-kontoret må sikre at barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar og avgjersler som vedgår barn. Dette inneber at NAV-kontoret i oppfylgning av foreldre skal kartleggje og dokumentere barna sin situasjon, og iverksette tiltak når det er naudsynt. Barn av foreldre som mottak sosiale tenester, til dømes kvalifiseringsprogram, økonomisk stønad eller midlertidig bustad, er ei særleg utsett og sårbar gruppe barn. Behova hos det einskilde barn skal vurderast konkret i grunngevinga når vedtak fattast. Fjord kommune har avtale om vertskommunesamarbeid med Ålesund kommune.

Habiliteringstenesta

Gir oppfølging og tilrettelegging på fleire livsområde, til dømes bustad, aktivitet og sosialt miljø, i tillegg oppfølging av somatisk og psykisk helsetilstand. Habiliteringstenesta skal ivareta den enkelte sitt behov for heilskapleg omsorg gjennom dagtilbod, heildøgnsoppfølging og rettleiing i bustad, støttekontakt, brukarstyrt personleg assistanse, avlastningstilbod og fritidsaktivitetar. Tenestetilbodet skal ha fokus på trivsel og tryggleik for menneske som treng oppfølging og hjelp, legge til rette for ein aktiv og sosial kvardag, førebyggjande og behandlande tiltak, samt bruk av tilgjengeleg velferdsteknologi. Førebygge einsemd, skape trivsel, bidra til at brukarane føler meistring i kvardagen, legge til rette for eit aktivt liv og å oppretthalde eit best mogleg funksjonsnivå.

Barnekoordinator

Familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester, har rett til barnekoordinator. Barna og ungdommane har ofte eit omfattande hjelpebehov og behov for tett oppfølging i ulike fasar av livet. Barnekoordinator skal sikra meir samanhengande og betre koordinerte tenester til desse barna og ungdommane.

Barnevernstenesta

Barn og ungdom under 18 år har krav på omsorg og rett til ein trygg oppvekst. Det er i første rekkje eit foreldreansvar. Når foreldre i kortare eller lengre periodar ikkje greier å ivareta dette ansvaret, skal barnevernet hjelpe. Barnevernet si oppgåve er å ta vare på dei mest utsette barna. Barnevernet skal beskytte barn mot omsorgssvikt og sikre barn tryggleik og rom for utvikling.

Barnevernstenesta skal ikkje bruke meir inngripande tiltak enn det som er nødvendig. I praksis betyr det at barnevernet fyrst og fremst gir hjelp i heimen, slik at foreldra sjølv skal kunne meistre sitt omsorgsansvar. Dette kan vere ulike hjelpetiltak, som råd og rettleiing til familien, avlastningstiltak, støttekontakt og barnehageplass.



Figur som illustrerer samarbeidet

7. Oppsummering

Denne planen skal gi eit felles utgangspunkt og vise retning for tenesteområda som kan bidra til å fremje gode oppvekstvilkår. Planen godkjennast i kommunestyret og det overordna ansvaret for kommunen sitt førebyggjande arbeid plasserast i den politiske leiinga. Grunntanken i barnevernsreforma er å flytte fokus og innsats i kommunen frå tunge og kostbare tiltak, til meir førebygging og tidleg innsats.

Retninga for tenesteområda kan oppsummerast i tidleg førebygging og innsats, meir foreldrestøtte inn i tenestene, og innsats mot utanforskap og familiefattigdom. I arbeidet med førebyggjande oppvekstplan har kommunen kartlagt alle førebyggjande tiltak og hjelpetiltak, og korleis desse er organisert. Når denne planen blir ferdigstilt er Fjord kommune inne i ein prosess med kartlegging, endring og styrking av tenestene gjennom BTI-modellen. BTI-modellen vil styrke det førebyggjande arbeidet, med målsetting om tidleg og meir målretta innsats, og betre samhandling mellom tenestene. Overordna skal BTI-modellen sørge for eit heilskapleg, systematisk arbeid som er forankra i leiinga. Planen gjeld for eit lengre tidsrom, men det er tenkt at siste del av planen, førebyggjande tiltak og hjelpetiltak, skal vere eit levande dokument, som utviklar seg gjennom implementering av BTI-modellen.

8. Evaluering og rullering

Planen skal reviderast ved behov, minimum kvart fjerde år.

Handlingsplanen skal rullerast årleg i samband med budsjettbehandlinga.

Evaluering av tiltaka skal skje årleg i det tenesteområdet tiltaket ligg med ansvarleg som pådrivar, eller i tverrfagleg gruppe med overordna som ansvarleg.

Skjema for tverrfagleg samarbeid, hjelpetiltak og førebyggjande tiltak vil bli kontinuerleg oppdatert ved utvikling av kommunale tenester.

Kjelde

[Bufdir \(2023\). Fattigdom - veileder om arbeid for barn som lever i fattigdom](#)

Folkehelseinstituttet (2023). [Oppvekstprofiler](#)

[Handlingsplan mot vald i nære relasjoner. Sunnmøre 2021-2025.](#)

Helsedirektoratet (2017). Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom [nettdokument]. Oslo:

Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 10. juni 2022, lest 27. september 2022). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten>

Helsedirektoratet (2018). Nasjonal faglig retningslinje for svangerskapsomsorgen [nettdokument].

Oslo: Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 16. mars 2022, lest 18. oktober 2022). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/svangerskapsomsorgen>

Helsedirektoratet (2019). Nasjonal faglig retningslinje for tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (siste faglige endring 03. desember 2019, lest 21. februar

2024). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tidlig-oppdagelse-av-utsatte-barn-og-unge>

Helsedirektoratet (2022). Veileder om samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (siste faglige endring 23. august 2023, lest 21. februar

2024). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier>

Helsedirektoratet (2023). Nasjonal veileder for psykisk helsearbeid barn og unge [nettdokument].

Oslo: Helsedirektoratet (siste faglige endring 24. oktober 2023, lest 26. februar 2024). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/psykisk-helsearbeid-barn-og-unge>

[Lov om barnehager \(barnehageloven\) \(2005\)](#)

[Lov om barnevern \(barnevernsloven\) - Lovdata](#)

[Lov om grunnskule og den vidaregåande opplæringa](#)

[Lov om kommunale helse- og omsorgstenester](#)

[Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen](#)

Prop. 133 L (2020-2021) *Lov om barnevern (barneloven) og lov om endringer i barnevernloven: tilråding fra Barne- og familiedepartementet 9. april 2021, godkjent i statsråd samme dag. Regjeringen Solberg).*

[Ungdataundersøkelsen 2020](#)

[Utdanningsdirektoratet \(2022\): Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis](#)

Vedlegg

Tiltaksplan

Tiltaksplanen er eit vedlegg til førebyggjande oppvekstplan i Fjord og beskriv ulike tiltak vi ønsker å få på plass. Ein del av tiltaka er på systemnivå med kompetanseheving av tilsette i «Laget rundt barnet» anten felles, eller på dei ulike tenesteområda. Evaluering av tiltaka skal skje årleg i det tenesteområdet tiltaket ligg med ansvarleg som pådrivar, eller i tverrfagleg gruppe med overordna som ansvarleg.

Hovudmål	Tiltak	Ansvar	Periode
Gode og inkluderande oppvekstmiljø som fremjar tryggleik, læring, trivsel, helse og reduserer sosial ulikskap.	Utvikle samhandlingsmodell for kommunen	Satsingsleiar BTI	2024-2026 (2027)
	Utvikle samarbeids- og leiingskompetanse i »Laget rundt barnet»	Kommunalsjef oppvekst og kultur Kommunalsjef helse, omsorg og velferd	
	Etablere tverrfaglege grupper i barnehage og skule	Kommunalsjef oppvekst og kultur Kommunalsjef helse, omsorg og velferd	
	Utvikle handlingsretteleiar frå bekymring til handling med ulike verktøy og prosedyre	Satsingsleiar BTI	
	Utvikle inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning gjennom regional kompetanseheving for tilsette i barnehagane	Kommunalsjef oppvekst og kultur	2024-2026
	Etablere nye og utvikle dei møteplassane kommunen har for barn og unge, som td. open idrettshall, ungdomsklubb	Frivilligsentral Leiar ungdomsklubbane	2025-2027

	Føre vidare tiltaket med skuleLOS etter tilskotsperioden, og opprette skulefråværsteam	Kommunedirektør	2025 ->
	Utarbeide Handlingsplan mot familiefattigdom	Kommunedirektør	2025-2026
Barn og unge har kompetanse og ferdigheiter til å møte morgondagens samfunn	Auke kompetanse på inkludering gjennom kompetanseheving via Nordre Sunnmøre Regionråd	Kommunalsjef oppvekst og kultur Kommunalsjef helse, omsorg og velferd	2024-2026
	Auke kompetanse innan psykisk helse for tilsette i «Laget rundt barnet» gjennom fagdagar i skule og barnehage	Kommunalsjef oppvekst og kultur	
	Auke barn og unge sin kompetanse for eiga psykisk og fysisk helse gjennom program som «Livet&Sånn», «Tankevirus», og temadagar i skule og barnehage	Rektor, styrar, leiar helsestasjon	
	Betre tilpassa opplæring i skulen med meir aktiv læring gjennom desentralisert kompetanseheving for tilsette i skulane	Kommunalsjef oppvekst og kultur Rektorar	2026-2028
	Betre fagleg inkludering i skulen gjennom desentralisert kompetanseheving for tilsette i skulane	Kommunalsjef oppvekst og kultur Rektorar	
	Auke den digitale kompetansen blant tilsette, barn og elevar	Kommunalsjef oppvekst og kultur	2025-2028
Foreldre/føresette som gir barn og unge	Sertifisere eit utval ICDP rettleiarar frå ulike tenesteområde og lage plan for implementering som felles verktøy	Kommunepsykolog	2024-2027

ein trygg og god oppvekst	Halde jamlege foreldrerettleiingskurs i grupper for foreldre til barn i ulike aldrar	Kommunalsjef oppvekst og kultur Kommunalsjef helse, omsorg og velferd	
	Kompetanse i og bruk av verktøyet «Tidleg Inn» for jordmor, helsesjukepleiar og helsestasjonslege. Opplæringsprogram over 2 år i samarbeid med Stranda kommune.	Leiar helsestasjon	2024-2026
	Kompetanse i bruk av verktøyet Newborn behavior observation (NBO), for helsesjukepleiar. Metoden gir foreldre auka meistringskjensle og trygghet på at dei kan lese og tolke sitt spedbarn sine signal.	Leiar helsestasjon	2024-2025
	Sertifisering som ammekyndig helsestasjon.	Leiar helsestasjon	2025
	Etablere eit lavterskeltilbud for barn og unge med psykisk uhelse og rus	Kommunepsykolog	2024-2026

Tverrfagleg samarbeid på system- og individnivå i Fjord kommune

Dette dokumentet er eit vedlegg til førebyggjande oppvekstplan i Fjord kommune.

Tabellen på neste side gjev ei oversikt over kommunen sine tverrfaglege samarbeidsarenaer og skal bidra til å gjer dei ulike møta kjent for tilsette som jobbar med barn, unge og deira familiar i Fjord. Oversikta gjer det også enklare for brukarar av offentlege tenester å orientere seg kring kommunen si møteverksemd.

Tverrfagleg samarbeid på systemnivå i Fjord

Arena 0-25 år	Mandat	Involverte partar	Møtefrekvens	Møteansvarleg
Politirådet	Angir klare mål og prioriteringar for rus og kriminalitetsførebygging og sørger for å innarbeide desse i det kommunale planverket.	Ordførar, kommunedirektør, politikontakt, beredskapsansvarleg	4 årlege møter à 2 timar Vår: 2 møter Haust: 2 møter	Politiet
Førebyggjande forum for ungdomskriminalitet	Drøfting omkring ungdomskriminalitet, rus, arrangement og førebygging	Folkehelsekoordinator, Frivilligkoordinator/ ungdomskoordinator, kommunalsjef oppvekst og kultur, politikontakt	Ved behov	Politiet/kommune
Tverrfagleg førebyggjande forum	Avdekke utfordringar kommunen står overfor og skaffe seg kunnskap om korleis desse utfordringane best kan møtast. Fatte slutningar, sette inn tiltak og koordinere innsatsen på tvers av tenestene.	Einingsleiarar som jobbar med barn og unge, helsesjukepleiarar, jordmor, psykisk helseteam, kommunalsjef oppvekst, folkehelsekoordinator, kulturkoordinator, representantar frå barnevern og PPT, politikontakt, skuleLOS, MOT-koordinator, NAV	2 årlege møter à 2,5 timar Vår: 1 møte Haust: 1 møte	Folkehelse-koordinator
Psykososialt kriseteam	Kriseteamet i kommunen har som oppgåve å sørge for at	Kriseteamet består av prest, lege, to helsesjukepleiarar, psykisk	Faste møter 4 gangar i året for å planlegge korleis dei	Beredskapsansvarleg

Arbeidet er forankra i lovverk og eigen plan for kommunalt kriseteam.	innbyggarane i kommunen ved akutte og alvorlege kriser skal få hjelp så raskt som mogleg	helseteam, psykolog, to frå Røde Kors	kan møte kritiske situasjonar og alvorlege hendingar	
Valldal skule PPT og skuleleiing	Diskutere systemarbeid og overordna prinsipp. Gjennomgang av årshjul for aktivitet rundt spesialundervisning	Rektor, avdelingsleiarar og kontaktperson i PPT	Møter 1 gong pr. halvår	Rektor Valldal skule
Stordal skule PPT og skuleleiing	Diskutere systemarbeid og overordna prinsipp. Gjennomgang av årshjul for aktivitet rundt spesialundervisning	Rektor, avdelingsleiarar og kontaktperson i PPT	Møter 1 gong pr. halvår	Rektor Stordal skule
